

# Kyrkjeklokka

Nr. 2 – 2017 Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld 81. årgang

## Saman endrar vi verda



Førre utgåva av Kyrkjeklokka hadde fokus på Fasteaksjonen som i år heitde **Ja, vi elskar dette vatnet**. Kirkens Nødhjelp er kyrkjelydane sin internasjonale hjelpeorganisasjon, og på denne nasjonale dugnaden gjekk konfirmantane våre saman om å samle inn pengar til det arbeidet Kirkens Nødhjelp gjer over heile verda. **Changemaker** er ungdomsorganisasjonen til Kirkens Nødhjelp, og her har konfirmantane våre vore aktive i denne tida.

Solidaritet og nestekjærleik, engasjement og omsorg er viktige tema. Omsorg for andre, fredsarbeid og vern av klima og miljø er nokre av oppgåvene våre. Desse utfordringane treng engasjerte unge som kan jobbe for å skape ei meir rettferdig verd – lokalt og globalt. Som konfiant betyr du noko for andre. I konfirmasjons-tida snakkar vi om nestekjærleik og om nåde – slik Gud viser nåde mot oss, skal vi vise nåde mot kvarandre – vi er alle skapt i Gud sitt bilde.

Fattigdom er urettvist. Det er nok reint vatn og mat til alle, men spelereglane gjør dei rikaste rikare og dei fattigaste fattigare. Saman kan vi gi dei stemmelause ei stemme der avgjerdene blir tekne. Jesus lærte oss mykje om korleis vi menneske skal leve saman, og korleis vi skal ta vare på kvarandre og den verda vi lever i. Dette har vi teke på alvor i konfirmasjons-tida.

## Konfirmasjon, ei tid for nye opplevingar

Alle norske ungdommar blir inviterte til konfirmasjon når dei er 14 år gamle. Då kan dei vere med på eitt års seminar for å lære meir om innhaldet i den kristne trua, og desse samlingane må dei ha på fritida si. Konfirmasjons-tida i kyrkja er ikkje berre for den som trur – å vere konfiant i kyrkja er like mykje for den som tvilar eller berre er nysgjerrig. I konfirmasjons-tida får dei sjansen til å utforske mange viktige spørsmål saman med andre. Som konfiantar får dei lære meir om både Gud og seg sjølve. Vi snakkar om livet – på godt og vondt, samtidig som dei får mange nye opplevingar. Reisa fram til den høgtidelige konfirmasjonsdagen er spennande. 85 prosent av alle norske 15-åringar konfirmerte seg i kyrkja i 2016.

Les meir side 10, 11 og 12

*God sommar!*

## Ordinasjon



I Den norske Kyrkja er vilkåret for å bli ordinert at ein er tilsett i («kalla til») ei konkret teneste som krev fullmakt til å forkynne og forrette dåp og nattverd. Det vert kravd teologisk eksamen og praktisk-teologisk eksamen. Før ordinasjonen må den som skal ordinerast (ordinanden) ha ei inn-gåande samtale med den som skal ordinere (ordinator, dvs. biskopen). Sjølv ordinasjonshandlinga føregår i ramma av ei høgmesse der biskopen forrettar, assistert av prosten og 3–5 prestar. Ved prestevigsla gjev ordinanden eit løfte, der han/ho lovar å forkynne Guds ord ifølgje Skrifta og Kyrkja si vedkjenning, forvalte sakramenta etter Kristi innstiftning og Kyrkja sin orden, formane kyrkjelyden til omvending, tru og heilag-gjering, samt sjølv å leve etter Guds ord og å legge vinn på stadige teologiske studie.

Les meir side 2 og 3

# Hege Høibye, ny prest i Hornindal sokn

## Brynhild Lund Notøy

Dei første barneåra budde Hege på Lysaker. Så flytte familien til Ullern der Hege og tvillingsystera byrja på skule.

I 8–9-års alderen vart Hege interessert i hestar og riding. Ho fekk instruksjon på ein rideskule. Av og til fekk ho vere med å stelle hestane. I byrjinga reid ho på mange forskjellige hestar, men etter kvart fekk ho ein fast hest. Denne hobbyen hadde ho til ho var ferdig med vidaregåande skule. Då flytte ho til Troms og gjekk eitt år på folkehøgskule. Der lærte ho å spele gitar til «husbruk». Sjølv har ho lært seg litt på trommer og fløyte. Det er enkle instrument som er fine å bruke i forteljarsamanheng.

Så gjekk turen til Trondheim og NMS sin bibelskule. Ho gjekk kunst- og kulturlinje. Det var her ho for alvor byrja interessere seg for forteljarkunsten.

Familien har alltid vore viktig for Hege. Foreldra til Hege var med å starte Acem meditasjon. Far hennar var i India i samband med arbeidet sitt, og han kom heim med eit teikneseriehefte om hinduismen. Det gjorde inntrykk på Hege. Mor hennar var religionslærar. Hege fekk difor brei kulturell påverknad, og lærte mykje om fleire religionar. Ho lærte den norrøne skaparmyten før ho kjende den bibelske skapingssoga. Heile tida kjende ho at det var kristen ho var, og landet ho budde i var eit kristent land.

Interessa for kristendomen kom med konfirmasjonsføringane. Ho vart med i ungdomsarbeidet i Ullern Kirke, og ho følte at ho møtte Gud der.

Etter bibelskulen fekk ho vikariat som kyrkjetenar i Gamle Aker Kirke i 1997.

I 2002 vart ho fast tilsett. Det arbeidet hadde ho i 10 år. Ho hadde hovudansvaret for dei praktiske rammene rundt ei gudsteneste. Når friviljuge deltok, hadde ho ansvar for å informere dei om gangen i gudstenesta og korleis dei skulle utføre sine oppgåver. Ho fekk liturgiske oppgåver også. Dette var lærerike og interessante år.

Før ho byrja på theologistudiet på Universitetet i Oslo var ho forteljar også. I studietida var ho med i ein studentorganisasjon som heiter Tårnseilerne. Dei arrangerar operaball for studentane. I forkant er det kurs så deltakarane kan lære å lage kostymer og masker, og dei får lære litt dans. Kostyma og maskene skal stå i stil med operaen sitt emne. Kostyma brukar dei både på operaframstillinga og på ballet om kvelden. Då er det underhaldning med ulike typar song og musikk, særleg klassisk. Kunst handlar om å formidle. Det seier oss noko som vi ikkje finn ord for. Hege er interessert i finne uttrykksmåtar for det som er vanskeleg å uttrykke med ord.

For 14–15 år sidan kom interessa for hest tilbake. Då skaffa ho seg sin eigen. Seinare har ho kjøpt ein til. Hestane



Foto: Roger Oldeide, Fjordingen

har ho teke med seg. No er dei på Stranda, men ho reknar med å flytte dei til Eid etter kvart.

Då ho bestemte seg for å studere teologi, hadde det modnast gjennom tida på folkehøgskule og bibelskule, kombinert med erfaringane frå ungdomsarbeid, formidling, den kunnskapen ho hadde med heimanfrå og ikkje minst gjennom tida som kyrkjetenar.

Hege likte seg svært godt på theologistudiet. Ho skreiv hovudoppgåve om liturgien, og ho er svært oppteken av korleis dei liturgiske tekstane kan formidlast. Hege legg stor vekt på samspelet mellom prest og kyrkjerom, og samspelet mellom prest og kyrkjelyd. Men det viktigaste er samspelet mellom prest/kyrkjelyd og Gud. Det ho har lært gjennom forteljarkunsten kjem godt med. Gudstenesta skal vere ei felles opplevelse.

I seks år lærte ho og dei andre studentane å uttrykke seg gjennom akademisk skriving, men ei preike skal høyrist, og det perspektivet har ho med seg når ho førebur preikene. Ho likar å formidle tekstane i forteljingar. Det er lettare å hugse ei historie som fortel noko om teksten enn ei theologisk forklaring av teksten.

Hege vil legge vekt på å presentere tekstane på ein god og forståeleg måte.

Hege føler seg velkommen i soknet og ser fram til arbeidet her. Tidlegare har ho vore med i både kammerkor og blanda-kor. No har ho byrja i Hornindal songlag.

Vi ønskjer henne lukke til i prestegjerninga!



# Hege Høibye ordinert til teneste

## Anne Lødemel Honningsvåg

Søndag 2. april var det ordinasjonsgudsteneste og kyrkjeaffari for vår nye sokneprest i Randabygd, Nordsida og Hornindal, Hege Høibye. Medverkande i gudstenesta var biskop Halvor Nordhaug, prost Rolf Schanke Eikum, vår nye sokneprest Hege Høibye, Mari Saltkjel, tidlegare sokneprest her og no sokneprest i Vågsøy, Sylvi Baardseth Panshwani, tidlegare sokneprest i Gamle Aker kyrkje, Jon Ytrehorn, tidlegare sokneprest her, Christine Helgesen Haugen, soknerådsleiar i Hornindal, Bjørn Erik Høvik Schjerverud frå Teologisk fakultet, Beate Nes kateket i Stryn og Hornindal, Anitha Kvamme organist, Hornindal songlag med dirigent Elena Stefanova Dognova Kadlas og Kristian Finn Risung

Under kyrkekaffen var det helsingar og overrekking av gaver, m.a. frå dei tre kyrkjelydane.

Alle dei tre sokneråda tok del i praktiske oppgåver og tenester og gjorde dagen til ei rik fellesoppleveling for alle frammøtte.



Nokre av dei frammøtte.

Prosesjonen. Foto: Anitha Kvamme.



Sylvi Baardseth Panshwani, tidlegare sokneprest i Gamle Aker kyrkje.



Stolt mor, Anne Marie Høibye.



Naboprest Ingrid Finsådal.

Ordinasjon er innviing til kyrkjeleg teneste, særleg prestetenesta. Bøn og handspålegging er viktige virkemiddel, jfr. Apg 6,3–6; 14,23; 1 Tim 4,14; og 2 Tim 1,6. I den romersk-katolske kyrkja er ordinasjon eit sakrament som set den ordinerte i stand til å forrette dei handlingane som er tillagde vedkommande teneste. Dei evangeliske kyrkjene ser på ordinasjonen som ei overdragning av fullmakta til å forkynne Guds ord på kyrkjelydens vegner, og særleg forrette dåp og nattverd. Dette er alle kristne i og for seg i stand til, men har ikkje dermed rett til å gjøre det «offentlig i menigheten».

SnL, Oskar Mendelssohn

# Babysong i Stryn

Janet Rudolph, kyrkjelydspedagog



Dei fyrste leveåra i eit barns liv er svært viktige. Song, musikk, rytme og rørsle etter musikk har til alle tider vore foreldre sitt store kontaktpunkt med borna sine. Kven har ikkje opplevd at besteforeldre, foreldre og sysken har sunge kveldssongar, voggeviser og barnesongar for ein då ein var liten?

Babysong i Stryn har vi hatt sidan vinteren 2009/2010 og vi gleder oss kvar tysdag over å kunne vere ilag og gi babyane våre full fokus i ei koseleg stund. Tysdag, kl 10.30 samlast vi i Betania, Stryn sentrum. For heile kommunen vil Stryn baby-

song vere ein plass for å lære og å friske opp att denne songskatten saman med borna sine, et møtestad kor vi kan høre og gjøre, være og lære, synge og sanse, gynge og danse.

Husk at du som har baby/tvillingar treng ikkje å melde deg på, berre kom. Send gjerne bestemora om du vil og ho kan og vere gjerne igjen for ein prat rundt ein kaffikopp etter-på.

Følg gjerne facebooksida vår StrynBabysong – vi begynner igjen etter sommaren når vi kjem til september.

## Å vere saman om noko

Musikk er eit viktig stimuli for barn, og det kan vi ikkje begynne med for tidleg. Allereie i mors mage kan fosteret høre lydar og musikk. Puls og rytme er ein del av fosterets omgivnader, og foreldre blir oppmoda til å sygne for sitt ufødde barn. I barnas oppvekst er det òg viktig å presentere dei for musikk. Det har mykje å seie for utviklinga til barnet fordi musikken gjev barnet auditive, sansemotoriske og kroppslege opplevingar. På same tid er musikk ei ramme som barnet får høve til å uttrykkje og utfalde seg i. Den sosiale sida har ei sentral rolle i babysongen. I musikken er vi saman om noko – vi deler ei felles oppleveling og skapar noko i lag, og vi leikar og utforskar saman. Musikk i seg sjølv handlar i stor grad om samspel og kommunikasjon. Musikk og babysong gjev derfor barn og foreldre eller besteforeldre eit rom der dei kan vere saman og bli betre kjende med kvarandre. Samtidig får foreldra høve til å lære songar og regler som kan brukast i heimen. Nokre blir også meir fortrulege med å bruke stemma, og begynner å sygne meir med barna. For barna er babysongtilbodet eitt av dei første møta med kyrkja. I musikkstunda syng vi òg barnesongar frå kristen barnekultur.

(Frå informasjonssidene til Den norske Kyrkja)

# Årsmøte i Kyrkjeklokka Bladlag

vart halde i Betania i Stryn tysdag den 7. mars 2017.

Styret for Bladlaget har vore Anna Marie S. Vatnamo (leiar) med personleg vara Ragnhild Vambeset, begge frå Innnvik prestegjeld. Knut Sigurd Gald med personleg vara Anne Lødemel Honningsvåg, begge frå Hornindal prestegjeld, og Kolbein Kaspersen med personleg vara Olav R. Faleide, begge frå Stryn Prestegjeld.

Forretningsførar er som tidlegare John Selmer Skiftesvik. Styret/vara har hatt redaksjonsansvar for kvar sine nummer. Bladet kjem ut med fire nummer i året, og har blitt trykt på Solglint trykkeri på Sandane.

Kwart nummer av Kyrkjeklokka blir lagt ut på nettet på [www.kyrkjeklokka.no](http://www.kyrkjeklokka.no). Knut Sigurd Gald har ansvaret for websida. Frå og med denne utgåva vert bladet trykt hos E. Natvik Prentever AS i Florø.

Økonomien i laget er bra. Mesteparten av midlane er plasserte i fond. Utviklinga for Bladlaget sine fond, har ført til at midlar har blitt flytta til to nye fond. Resultatet viser kr. 41 421,33 i overskot.

Det blir drive mykje godt arbeid rundt om i sokna. Det er vanskeleg for redaksjonen å fange opp alt som skjer – og som skal skje – så redaksjonen er difor avhengig av å få stoff frå sokneråda og andre som veit om og deltek på arrangement. Sokneråda har tidlegare blitt oppmoda om å opprette ei eiga redaksjonsgruppe som sender stoff til quart nummer. Vi gjentek denne utfordringa.

Styret vil takke alle som har sendt sine bidrag til Kyrkjeklokka. Særlig vil vi takke faste spaltistar. Bladet vert lese i dei fleste heimar, og er ein god informasjonskanal om det kyrklege arbeidet. Anna Marie S. Vatnamo har vore medredaktør i Kyrkjeklokka i ni år og har lagt ned ein stor innsats i å føre tidlegare redaktør Gunnar Nygjerd sin stil vidare (sjå førr utgåve av bladet).

Redaksjonen vil gjere sitt beste for å halde ved like og vidareføre det som er opparbeidd gjennom åra, og inntil vidare vart Olav R. og Knut Sigurd oppmoda til å være redaktørar for to nummer kvar i året.

Etter valet ser det nye styret i Bladlaget slik ut:

Kolbein Kaspersen frå Oppstryn Sokneråd (leiar),  
Knut Sigurd Gald frå Nordsida Sokneråd,  
Kari Anne Tisthamar Haveland frå Utvik sokneråd  
med Møyfrid Sømme Kvamme frå Olden sokneråd som vara.  
Anna Marie S. Vatnamo og Ragnhild Vambeset frå Innnvik Sokneråd  
gjekk ut av styret.  
John Selmer Skiftesvik er forretningsførar.

– Redaksjonen



2016-utgåvene av Kyrkjeklokka.



## Kyrkjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: [www.kyrkjeklokka.no](http://www.kyrkjeklokka.no)

Redaktør for dette nummeret er:  
Olav R. Faleide  
[post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no)

Forretningsførar/abonnement/adresseendring:  
John Selmer Skiftesvik  
6788 Olden. Tlf 990 28 076  
[john.skift.esvik@enivest.net](mailto:john.skift.esvik@enivest.net)  
Bankgiro 0538 18 51054  
Bankgiro 3795 30 05108  
Kontingenten er frivillig.  
Vi takkar for betaling og støtte.

### Kontortider, telefon, e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

#### INNNVIK prestekontor

Mobil 911 84 241  
Sokneprest Harald Runde  
Tysdag, torsdag og fredag kl. 10–12  
[runde.harald@gmail.com](mailto:runde.harald@gmail.com)

#### STRYN prestekontor

Tlf. 57 87 48 12  
Mobil 948 32 875  
Fungerande sokneprest Henny Koppen  
Mobil 916 01 630  
[henny.koppen@stryn.kommune.no](mailto:henny.koppen@stryn.kommune.no)

#### HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57 87 98 33  
[sokneprest@hornindal.kommune.no](mailto:sokneprest@hornindal.kommune.no)

#### KYRKJEVERJER

**Stryn kommune**  
Børre Lian  
Tlf. 57 87 48 11  
Mobil 913 27 882  
[borre.lian@stryn.kommune.no](mailto:borre.lian@stryn.kommune.no)

#### Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg  
Tlf. 57 87 98 34  
Mobil 459 14 954  
Måndag og torsdag kl. 09–13  
[anne.honningsvag@hornindal.kommune.no](mailto:anne.honningsvag@hornindal.kommune.no)



## Grøn side – del 2 av 5 Klimafakta og miljøtips

### Om gjesteskribenten Gunnar Kvåle

Gunnar Kvåle er lege og professor (pensjonert) ved Senter for Internasjonale Helse ved Universitetet i Bergen. Han har arbeidd med forsking og utdanning og omkring helseproblem i fattige land. I seinare år har han vore spesielt oppteken av korleis ein kan redusere vidare klimaendringar og slik kunne avgrense skadar som i aukande grad vil råke born i fattige, men også i rike land.

Kvåle er styremedlem i norsk avdeling av «Besteforeldrenes klimaaksjon» og medlem av «Miljø og skapargruppa» i Bjørgvin bispedøme. Han bur i Os ved Bergen der han har ein fast spalte i Os kyrkjeblad: «Klimafakta og miljøtips».

Han har fleire gonger besøkt syster Ragnhild Lødøen med familie som bur i Hornindal. Kyrkjeklokka takkar Gunnar Kvåle for løyvet til å publisere utdrag av nokre av artiklane hans.

Her følgjer den første:



## Kyrkja og klimakrisa

Gunnar Kvåle

Leiinga i Den norske Kyrkja har i mange år vore opptekne av klima og vern om skaparverket. På Kyrkjemøtet i 2007 vart det halde fram at alle må forsake noko av forbruket sitt til beste for felleskapet. På kyrkja si heimeside står det: «Når me skal velja ein berekraftig utviklingsveg framover, må me handla slik at andre kan handla på same måte som me.»

Dette er eit utfordrande krav. Klimautsleppa i Noreg er på vel 10 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per person per år. For å kome ned på eit berekraftig nivå må utsleppa våre ned til ein tidel av dette, altså berre vel eitt tonn!

Dei 10 % rikaste i verda er ansvarlege for heile 50 prosent av utsleppa på jorda. Hadde denne gruppa redusert utsleppa sine til det som er gjennomsnittet i EU, ville globale utslepp vorte reduserte med ein tredjedel. Det er ei klar grense for kor mykje klimagassar som totalt kan sleppast ut. Alt ekstra som me rike slepp ut, ofte utan at det er naudsynt, går difor ut over fattige som då må kutta tilsvarande mykje, sjølv om dei treng meir til eit minimalt livsopp hold enn det dei no brukar.

På kyrkjemøtet i januar 2017 var klima opp som tema i samband med at prosjektet «Skaparverk og berekraft» vart formelt avslutta. Kyrkjemøtet understreka at kyrkja sitt klimaarbeid skal

halda fram. Arbeidet med grøne kyrkjelydar vil stå sentralt og det skal satsast på å redusera utslepp frå kyrkja si eiga verksemد, reiser og anna. Alle må bidra om utsleppa skal kunna gå ned så raskt som klimakunnskapen krev!

### Keltisk bøn

Du Guds sønn, forny mitt hjerte.  
Din Ånd gir tone til fuglenes sang,  
og bienes summing  
Det du har skapt, er fullt av underverk,  
så vakre å se på  
Jeg ber bare om et under til:  
At du gjør min sjel vakker!

Jon.

Fra boka «Din rytme Din bønn»  
Keltiske bøner frå Lindisfarne



## Gifte seg, – skal, skal ikkje

Tilsette i kyrkja registererer at mange par har tenkt å gifte seg når eller viss dei får råd ein gong i framtida. Mange har nok ei forventning om at vigsla skal vere stor og fantastisk, og ei ser at dette, saman med festen etterpå blir både dyr og tidkrevjande.

Prestane i indre Nordfjord vil no tilby vigsle til dei som ynskjer det, utan kostnad. Dette vil skje i Nedstryn kyrkje, på ein og same laurdag, den 2. september 2017, og kvart par vil få tildelt 20 minutt til seremonien. I tillegg blir det servert kake i sakristiet.

Kvifor skal ein gifte seg? Det er ikkje noko spesielt kristelig ved det å gifte seg. Vigsle, slik vi praktiserer det, er sjølv sagt ikkje omtala i Bibelen. Men der står mykje om å vere trufast, å ta vare på kvarandre og vise kvarandre respekt og omtanke, og dette har sjølv sagt mange praktiske sider som det blir orden på ved eit giftarmål.

Eg kan nemne noko av det som fell på plass når ein inngår ekteskap. Der er til dømes skattefordelar, både på inntektskatt og formueskatt. Ein kan også fordele gjeldsrenter og slik få utnyttia heile rentefrådragget på lån.

Om ein skulle komme ut for samlivsbrot eller død er det også ein fordel å vere gift. Det er difor ikkje uvanleg med naud-vigsel til dømes på eit sjukhus, dersom ein i forholdet skal døy.

Som gift er ein underlagt av eit grundig lovverk som regulerer korleis verdiar skal fordelast ved død eller samlivsbrot. Dette gir begge partar klarare reglar og skiljelinjer, uten at ein må setje opp ein heil del avtalar som sambuarar må gjere.

Desse opplysingane har eg frå nettsida Pengenytt. <http://www.pengenytt.no/dette-er-de-okonomiske-fordele-ne-med-a-vaere-gift/>

Det høyrest kanskje litt pussig ut at vi frå kyrkja si side brukar økonomi og arv som argument for ekteskap. Lesarane får sjå på det som eit positiv orientering til par som er i stuss om dei skal gifte seg eller ikkje. Hovudgrunnen til at menneske gifter seg er framleis at dei er glade i kvarandre og ynskjer tryggleik i forholdet. Og dette tilbodet frå kyrkja går til dei som ynskjer desse faste rammene om samlivet sitt, ordna på ein enkel måte.

Underteikna har sjølv vore i bryllaup til eit par som gifta seg 11 år tidlegare. Sjølve vigsla skjedde det enkleste vis, no, fleire år seinare, hadde dei endeleg råd til å feire. Kanskje ein ide for fleire.

Viss de vil gifte dykk den 2. september, utan «styr» og utan utgifter, så ta kontakt med eitt av prestekontora. De finn alle telefonnummer og epostadresser på side 5 i dette bladet.

Vigselspapir må ordnast på førehånd. Dei arbeider raskt, men eit par veker må de nok ha på dykk. Og de må ha forlovarar som kan skrive under.

De finn alt på denne sida: <http://www.skatteetaten.no/no/Person/Folkeregister/Ekteskap-og-samliv>

## Vigsel i kyrkja – ein fest for kjærleiken

### Tekst og illustrasjonsfoto Den norske Kyrkja

Bryllaup er ein fest for kjærleiken. To menneske lovar å elske og ære kvarandre, og å halde saman i gode og vonde dagar resten av livet. Det handlar om dei to, men dei to står ikkje åleine. Løfta vert gjevne med vitne til stades.

Å inngå ekteskap eller vigsel er ei offentleg handling som kan skje borgarleg eller kyrkjeleg. Ein godkjend vigselsperson skal erklære at ekteskapet er gyldig. Eit bryllaup i kyrkja kan vere både enkelt eller meir påkosta.

Dagen kan feirast med familie, slekt og venner til stades, eller dei kan seie ja til kvarandre med berre prest og forlovarar til stades. Stort eller lite bryllaup – i kyrkja vert livet lagt fram for Gud med bøn om velsigning.

Alle par som har gifta seg borgarleg er velkomne til kyrkja for å be om forbøn for samlivet.



Av alle ekteskap som vart inngått i 2016, vart 33,4 prosent vigde i kyrkja.

# Min salme

Elin  
Endal  
Aabrek



Ein salme frå Norsk Salmebok som eg likar godt er «Du omgir meg på alle sider».

For meg er dette ein song om den tillit og tru eg har til Gud. Han er med meg kvar ei-naste dag, både i glede og sorg, i lette og tunge dagar, når eg kjenner på motløyse el-ler er jublende glad.

Uansett korleis eg har det, er Gud der. I Jes. 41.10 står det: «Ver ikkje redd, for eg er med deg. Sjå deg ikkje råvill ikring, for eg er din Gud! Eg styrker deg og hjelper deg og held deg oppe med mi frelsarhand» Eg har opplevd fleire gonger at Gud gjev styrke og kraft i kvardagen. Eg stolar på at Han omgir meg på alle sider, og han held meg fast i si hand. Han vil vise oss den veg vi skal gå, hans auge kviler på oss han gjev oss råd. Gud sviktar ikkje, men held det han har lova. Det kan eg få stole på.

Eg vil utfordre Kjellaug Molnes til å dele sin salme.

«Du omgir meg på alle sider»

Norsk Salmebok nr. 498

Tekst: Arne Höglund,

Oversatt av Jan Ove Ulstein

1. Når min veg går gjennom tette skod-da


nær ved bratte stup og djupe vatn,  
då er du nær meg på alle sider,  
ja, du leier gjennom vatn.

Omkved:

*Du omgir meg på alle sider,  
og du held meg fast i di hand,  
Du omgir meg på alle sider,  
og du held meg fast i di hand.*

2. Når mi tru er svak og motet sviktar  
og eg kjenner kalde redslevindar,  
då veit eg trass alt at du er nær meg.  
Du har lova vere med kvar ein dag.

Omkved:



Oddny under open himmel

## 500 årsjubileum i eit heilt år

Av Oddny Torheim



Gudstenesta i Nidarosdomen 29. januar var offisiell opning av reformasjonsjubileet 2017. Eit jubileum som skal vare eit heilt år. No er vi halvveges. Mange arrangement er over, og mange er under førebuing. Mange artiklar er skrivne, og ein ny biografi: «Munken som endra Europa. Reformatoren Martin Luther», er utgjeven.

Ei vandrerutstilling om reformasjonen skal inn om 68 byar i 19 land. Bergen er ein av dei. Det var i Bergen den lutherske læra først slo rot i Norge. Der vart Luther festdagane arrangert i forbindelse med at utstillinga kom til byen 3.–7. mars.

Dagane hadde rikeleg innhald. Der var by vandring, kyrkjetårnvandring, kulturarrangement og debattar. Der var blant anna preikemeisterskap med 11 deltagarar. Ein ungdomsprest frå Askøy vann. Ho førebudde seg til ei tale til konfirmantane. Det som treff ungdomar ser ofte ut til å treffe også dei eldre.

Den andre hovudmarkeringa skal haldast i Trondheim med nasjonal gudsteneste på sjølv reformasjonsdagen 31. oktober. Den vert overført direkte fjernsynet.

Martin Luther vågde å stå opp mot dei aller største autoritetane – både pave og keisar. Han var villig å stå for det han meinte sjølv, om han visste at han risikerte livet for det. Han var også pådrivar for lese- og skriveopp-læringa i Europa. Han sa at dersom han ikkje var teolog, så ville han ha vore lærar.

Luther sine «3 søyler» som seinare har bore den lutherske kyrkja – den protestantiske kristendomen oppe, var:

1. Skrifa åleine
2. Trua åleine
3. Nåden åleine

Desse punkta bør stå i denne rekjkjefølgja. Utan Bibelens ord kan det ikkje vekse fram tru på Jesus Kristus. Og utan tru på Jesus kan ikkje mennesket mot ta nåde.

Luther understreka: Vi er alle tiggjarar i møte med Gud. Vi er fullstendig avhengige av Guds nåde. Luther seier om Fadervår: «Det er ikkje muleg på jorda å finne ei edlare bøn enn det daglege Fadervår. Det inneholder det vakre provet at Gud av hjartet gjerne høyrer oss, og det burde vi ikkje byte bort mot alle godar i verda».

Eit anna utsegn er: «Kva skogen er for dyret, huset for mennesket, reiset for fuglen, vatnet for fisken, det er Den Heilage skrift for den truande.»

Han seier også: «Eg har helde mange ting i hendene mine, og eg har mista dei alle. Men det eg har lagt i Guds hender, det har eg framleis.»

Han skrytte også av medmenneska sine. Han samanlikna ein gong vaskehjälpa Lena med ein from munk. «Langt meir from enn ein munk med kåpa si, er mi kjære Lena med skurekost og såpe».

Framhald neste nummer av kyrkjeklokka.



Frå v. Inge Asbjørn Haugen, Oddvar Bergset, Harald Runde og Hege Høibye.

## Naustmesse 2. pinsedag

### Alv O. Bergset

Også dette året vart 2. pinsedag høgtida med Naustmessan ved Bergsetnausta. Plassen er historisk, m.a. fordi naustmiljøet ved fjorden var ein stasjon for dei som i gamle dagar måtte «ro fjorden» for å kome til si eiga kyrkje i Utvik. Men pinsebodskapen var den same som den gongen, og vegen ned til nausta og opp att like eins. I underkant av 100 personar var samla i Skreddarhagen då ei noko spinkel klokke,

hengande i eit gammalt epletre, ringde saman til høgtida.

Og så steig salmen frå kyrkjelyden: «I all sin glans nu stråler solen --» til tonefølgje frå saksofon og piano. Prestane Harald Runde og Hege Høibye gjorde teneste, sistnemnde med preika for dagen. Og så var det piknik i fjæra før vi tok på heimveg, – nokre med båt, men dei fleste i god pinsetradisjon ved hjelp av apostlane sine hestar.



Kyrkjelyden fann seg plassar i den nyslegne hagen.



# Konfirmasjonar 2017



**KONFIRMANTANE I OPPSTRYN:** F.v. Beate Nes (kateket), Ane Nytun Grønfur, Eskil Sørum Olsen, Reidun Nesheim, Sondre Erdal, Lise Fure Håvik, Henny Koppen (prest). Foto: Ole Eltvik.



**KONFIRMANTANE I NEDSTRYN:** Nede frå v. 1. rekke: Marte Lunde Sætre, Andreas Tømmerstøl, Malin Rise Gran, Tuva Fredheim, Caroline Lunde, Magnus Vik Skrede, Elise Høstland Vatne. **Frå v. 2. rekke:** Henny Koppen (prest), Ellen Marie Bøe, Ane Luji Egedal, Emilie Håberg, Synne Kristin Slætten Sandbakk, Bjørn Tommy Silden Vinsrygg, Kristine Ekern Glosvik, Kjell Sunde Haugen, Oskar Guddal Breivik, Janet Rudolph (kyrkjelydspedagog). **Frå v. 3. rekke:** Elias Lødøen Flo, Tomas Tøsse Humborstad, Kjetil Lunde Vinsrygg, Sofie Gjøvåg Heggestad, Christine Indrebø Turøy, Michelle Solvik. **Frå v. 4. rekke:** Joakim Mundal Olsen, Birk Åsen Vinsrygg, Steffen Skoglund Bø, Nora Romsøe, Maren Othilie Flore. **Frå v. 5. rekke:** Stian Hjelmeset Oppedal, Nicolay Sundland Fure, Astrid Øvreberg. **Konfirmantar Nedstryn som ikkje er med på bilde:** Anna Langø Hogrenning, Martin Walaker, Sigurd Fotland Fænn. **Foto:** Ole Eltvik.



**KONFIRMANTANE I HORNINDAL.** Bakre rekke fra venstre: Kateket Beate Nes, Roar Gausemel, Nikolai Sætren, Markus Olai Øen, Nataniel Nygård Heggen, Sivert Olai Raftevold Sølvberg, Arild Holmøy Østerbø, William Stokkeland, Severin Otterdal Heggen, Rita Lødøen Hamre Lødemel og prest Hege Høibye. Nest bakre rekke fra venstre: Oliver Gullbrå og Einar Matvik Lillestøl. Nest fremste rekke fra venstre: Hannah Sofie Flaten, May Britt Navelsaker, prest Olaf Sigurd Gundersen, Siri Oline Lillestøl og Julie Madeleine Lødemel. Fremste rekke fra venstre: Sara Muldsvor, Randi Olin Bjørneset Seljeset, Ailén Mari Olsen og Kristine Mjåtveit Lødemel. Foto: Marta Lystad Johansen.



**KONFIRMANTANE I RANDABYGD 20. MAI:**  
**Frå venstre:** Gunn Kristi Tvinnereim, Alf-Tomas Takke Tytingvåg og Malene Hopland.  
**Prest:** Hege Høibye  
**Kyrkjelydspedagog:** Janet Rudolph.  
**Foto:** Irene Stensaker.



**KONFIRMANTANE I LOEN 27. MAI:** Bak frå venstre: Daniel Auлем, Anders Sverre Sande Hoem, Johannes Garlid Tenden, Sjur Tenden Nesje, Andreas Auлем. Framme frå venstre: Netti Fløtre, Henriette Fløtre, Jenny Grov Kämpf, Kristin Bødal. **Lengst til venstre** kateket Beate Nes. **Lengst til høgre** prest Henny Koppen. **Foto:** Ole Eltvik.



#### KONFIRMANTANE

#### I OLDEN:

#### Bakre rekke f.v.:

Daniel Gjerde  
Myrold, Marius  
Sunde Haugen,  
sokneprest Harald  
Runde, Oliver  
Kjørsvik.

#### Fremste rekke f.v.:

Lars Martin  
Melheim,  
Boglarka Mate,  
Malin Hafsås  
Sundsøy, Ronja  
Kristin Gjerde  
Mangard,  
Sondre Hafsås.

#### Foto:

Bjarte Haugen.



**KONFIRMANTANE I INNVIK 27. MAI:** Bak frå v.: Anne Grete Eikenes Hilde. Ida Årdal Solbu. Bjørnar Lyslo. Sondre Skåden. Aarreberg. Håkon Hammer Bergh. **Framme frå v.** Sokneprest Harald Runde. Thea Skåden Drageset. Marte Gardshaug. Madeleine Reme. Elias Hammer Bergh. Kristoffer Gjerde Årdal. Bjørnar Hatling Skåden.



**KONFIRMANTANE I UTVIK.** Framme frå venstre: Inger-Anne Kårstad og Haldis Katrin Sunde Risøy. **Bak:** Prest Harald Runde og Dainty Mekke. **Foto:** Barbro Marie Kårstad Sunde.



**KONFIRMANTANE PÅ NORDSIDA 25. MAI:**  
**Frå venstre:** Anna Birgitte Ulvedal, Leif-Inge Jevnlid, June Alette Slettenes. **Bak:** Kyrkjelydspedagog Janet Rudolph, prest Hege Høibye. **Foto:** Anders Flore.

## Vegkyrkje er ei kyrkje som

- ligg i nærleiken av ein trafikkert veg
- har ope minst tre veker om sommaren, fem dagar i veka og minst fem timer pr. dag
- har verkskap og enkel servering
- tilbyr informasjonsmateriell
- har tilgang på toalett



Den første vegkyrkja opna i Tyskland i 1958, og no samarbeider eit internasjonalt nettverk i Danmark, Tyskland, Estland, Finland, Norge, Russland og Sverige. Kyrkjene er opne om sommaren, spesielt med tanke på turistar som ønsker ein pause og ei stille stund. I Norge er det 50 vegkyrkjer, og i tillegg er fleire hundre kyrkjer opne utanom vanleg opningstid.

## Loen Kyrkje blir Vegkyrkje

Olav R. Faleide



Reiseliv generelt, og turisme spesielt, har vore ei viktig næring for bygda Loen dei siste 150 åra. Med sine knapt 700 innbyggjarar har Loen fleire arbeidsplassar enn fastbuande og minst like mange gjestesenger. Hotella Alexandra og Loenfjord, 4 store campingplassar og eit hundretals utleigehytter fortel om ei reiselivssatsing og ein aktivitet som saknar sidestykke på landsbygda i Norge. Aktivitetar og attraksjonar som Loen Active, Via Ferrata og Loen Skylift er eineståande tilbod for dei fleste interessegrupper. Dei besøkande til kyrkja er for ein stor del overnattingsgjester og langtidsferierande hos dei nyss nemnde, men kjem også frå nabobygdene som også har stor aktivitet i segmentet fritidsreiser.

Med velvilleg hjelp av tidlegare kyrkjetenar Bendikt A. Sæten, som også er nærmeste nabo til kyrkja, har det vore mogeleg å utøve verkskapsrolla frå kl. 10.00 til kl. 22.00 i perioden 20.06. til 20.08. sidan 1980. Han fyller 85 år i år og seier at det tek til å minke på kreftene. Etter å ha halde opa kyrkje kvar sommar i meir enn 35 år, har Loen kyrkje no fått status som vegkyrkje.

Informasjonshefte om kyrkja og bygda har vore tilgjengelege for publikum på fleire språk, sjølv sagt i ulike versjonar og opplag gjennom alle desse åra, og kyrkja stettar alle krava for å bli godkjend som Vegkyrkje:

Ho ligg 600 m. frå Rv. 60, sentralt i bygda med stor trafikk året rundt, lett synleg frå gjennomfartsvegen. Loen Kyrkje har vore opa for besøkande åtte veker om sommaren, sju dagar i veka og ti timer kvar dag dei siste 37 åra. Loen Soknerråd har inngått ein avtale med lokale, kunnskapsrike og yngre medarbeidarar som snakk fleire språk. Dei vil vere tilstades minst fem timer dagleg i heile skuleferien, slik at opningstidene blir uendra. Som enkel servering blir det tilbode kaffi/te, mineralvatn, kjeks og nysteikte vaflar med tilbehør, innanfor Mattilsynets regelverk. Informasjonsheftet føreligg på språka norsk, engelsk, tysk, fransk og spansk. Utstillingsmontasjar med både historisk og samtidis informasjonsmateriale blir no plassert i våpenhuset. Verkskapet i kyrkja vil også kunne bidra med meir informasjon på spørsmål frå besøkande. Toaletta, eitt av dei med universell utforming, vil vere tilgjengelege i opningstida.

## Nytt grusdekke rundt Hornindal Kyrkje

Anne Lødemel Honningsvåg

Hornindal kyrkje har fått nytt fint grusdekke kring kyrkja. Dette er ei gavé frå Hornindal Hagelag og Hornindal Bygdekinnelag. Arbeidet med å leggje det ut vart leia av Sigmund Lødemel og Lars Andreas Tomassgård som stilte med maskinutstyr. Med seg hadde dei ein god dugnadsgjeng som også raka og rydda elles på kyrkjegården. På biletet ser vi nokon av dei.

Soknerådet takkar for gåva og dugnadsinnsatsen, og for hortensiane frå hagelaget som står ved kyrkja.



**Fra venstre:** Arnfinn Kirkhorn, Marit Seljeset, Sigmund Lødemel, Lars Andreas Tomassgård og Jofrid Lødemel.

**Framme:** Inger Marie Lefdal Kirkhorn.

# Arrangement i Acta – barn og unge i Normisjon, sommar 2017

Katarina Aabrekk – Actamedarbeidar i Sogn og Fjordane



I Acta – barn og unge i Normisjon er det snart klart for sommarleirsesongen 2017 på Fjordly (Bryggja) og på Teigen (Eikefjord). Å reise på leir inneber å overnatte heimanfrå, å bli kjend med nye menneske – både på sin eigen alder og med flotte leiatar, å finne på mykje kjekt saman, samt å få høyre meir om Jesus og misjon. Alt dette gjer at vi lærer noko nytt og får oppleve noko unikt – eit skikkelig leireventyr! Vi tilbyr mange spennande aktivitetar og samlingar. Mellom anna kan vi nemne båt- og badeliv, fotball, volleyball, kubb, god mat, bibelstunder, kveldssamlingar framføre peisen eller bålet, underhaldning og mykje meir! På leir er det mange menneske i sving for at deltakarane skal få ei super oppleveling. Som leiatar er det med ungdommar og vaksne som brenn for at deltakarane skal ha det bra, få lære meir om Jesus og få eit eventyr av beste sort. Finn ein leir som passar for deg og bli med, då vel!

- 16.–18. juni: Minileir, Fjordly (4 år – 3. kl. (med følgje), born: kr. 690,- / vaksne: kr. 850,-)
- 16. – 18. juni: Amigosleir, Teigen (1. – 4. kl. (1. kl. m/følgje), born: kr. 690,- / vaksne: kr. 850,-)
- 23. – 26. juni: Tweensleir 1, Fjordly (4. – 7. kl., kr. 850,-)
- 30. juni – 2. juli: Tweensleir, Teigen (4. – 7. kl., kr. 690,-)
- 30. juni – 3. juli: Tweensleir 2, Fjordly (4. – 7. kl. kr. 850,-)
- 7. – 11. juli: Tenleir, Fjordly (8. kl. – 18 år, kr. 1.020,-)
- 28. – 30. juli: Familieleir, Fjordly  
(barn 0 – 4 år: gratis / 4 – 11 år: 820 / 12–18 år: kr. 980,- / vaksne: kr. 1.430,-. Makspris pr. familie: kr. 4.500,-)

Meir informasjon og påmelding: [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof)  
eller mail og tlf. [acta.sof@normisjon.no](mailto:acta.sof@normisjon.no), 57 86 63 49



# ORDET ER LIV

– den nye andaktsboka til Vidar Bergset

Vi som har brukt den førre andaktsboka hans, «Skatten i åkeren», er glade for at vi no kan ta i bruk også ei ny. I den første var der andakter for eit halvår, og eit liknande tal er det vel i den nye, så no kan vi lese andakter av Vidar kvar dag gjennom heile året.

Vidar Bergset er ein allsidig forfattar. Han har gitt ut mange bøker, diktsamlingar, forteljingar og blant anna ein biografi om Kaj Munk. Trass i høg alder er Vidar framleis produktiv. I fjor kom ei bok om det norske språket, og i år altså den nye andaktsboka.

Denne boka, som den førre andaktsboka, er samansett av korte, koncentrerte meditasjonar over bibeltekstar. Vi oppdagar at aktualisering av bibeltekstane er eit viktig formål med boka.

Forfattaren hentar døme frå det daglege, samla frå røynsle gjennom eit langt liv. I all si forkynning er han realistisk og jordnær. Etter lang tid som lærar i fleire skuleslag og som forkynnar i mange år, har han ein særleg føresetnad til å legge fram Ordet og å få kontakt med lesaren.

Andaktene er først og fremst forkynning av evangeliet, men Vidar er ikkje redd for å ta opp etiske spørsmål og kvardagslege problem.

Boka er til oppbygging, fornying og hjelp i kristenlivet og kan trygt tilrådast for alle som ønskjer ei god andaktsbok på nynorsk. Omslaget er vakkert illustrert av Magne Kristiansen.



Ingolv Muri

## 40 år med friluftsgudsteneste på Bruasetra

Anne Lødemel Honningsvåg

Skjærtorsdag hadde om lag 60 personar hadde teke turen til Bruasetra i flott opphaldsvær. I år var det 40. gongen, og det heile starta i 1977 med at nytilsett sokneprest Ole Amund Gillebo ynskte at det skulle vere ei friluftsgudsteneste også i Hornindal i påska. Valet fall på Bruasetra, ved hytta til Sigbjørn Hjellbakk. Familien Hjellbakk fortener stor takk for

hjelp, velvilje og nærvær i alle desse åra. Jon Ytrehorn har hatt gudstenestene sidan 1980 og Inge Asbjørn Haugen med saksofon har vore med på dei fleste av desse. I år hadde Jon også fått med seg Tedros Bereket Weldeletsae, frå Eritrea som tekstlesar.



Foto til venstre: F.v.: Inge Asbjørn Haugen, Tedros Bereket Weldeletsae og Jon Ytrehorn.

# SELJUMANNAMESSA 2017

Også i år blir det messe på Selja, og i år, første søndagen i juli. Tor Berger Jørgensen, kjend som biskop i Sør-Hålogaland gjennom mange år, og tidlegare NMS-general, blir med oss på gudstenesta. Og så kjem Bergen domkor, med dirigenten sin, domkantor Kjetil Almenning frå Gloppe. Pilegrimar, kyrkjelag tilsette og «folk flest» vil setje sitt preg på dagen og den store gudstenesta i klosterruinane.



Tor Berger Jørgensen vil halde talen denne dagen, og delta i gudstenesta saman med fleire andre prestar. Han er kjend som ein engasjert og tydeleg biskop, og har vore ei sterk røyst i samfunnsdebatten på fleire hald, mellom anna opna han på eit tidspunkt hagen i bispegarden for romfolk og tiggarar som ikkje fann annan stad å slå opp telta sine.

Klima, oljeutvinning, flyktningsspørsmål og skattepolitikk er andre spørsmål han har engasjert seg i, og homofilisaka har han heller ikkje styrt unna. På Selja blir det vel ikkje dei store, politiske spørsmåla som vil stå i sentrum, men vi gler oss til å høre ein engasjert og samfunnsmedviten prest.



Bergen Domkor kjem rett frå Irland etter ei songarferder. På koret si eiga heimeside kan vi lese at dei tel 32 medlemmer og at dei legg vekt på å presentere spennande repertoar, ei god blanding av kjent og ukjent, gammalt og nytt.



Dette koret er i toppklass, og det skuldast ikkje minst dirigenten, Kjetil Almenning, som er ein av dei fremste dirigentane i landet. Han har vunne den internasjonale dirigentkonkurransen Eric Ericson Award, og han har dirigert vidkjende kor som Ginnungagap og Ensemble 96. Plata «Kind» frå sistnemnde kor vart nominert til Grammy i USA i 2011. Vi har såleis mykje god musikk å sjå fram til når Bergen Domkor og Kjetil Almenning inntek klosterruinane.

Før dei kjem så langt vil dei halde tre konserter i området. Den første i fabrikkslokala til Nordvestvindaugen, i Almenningen. Dette skjer fredag kveld den 30. juni kl. 19.00. Laurdag 1. juli går turen til Vanylven, og Hakallegarden. Denne garden er kjend frå barne-TV-serien «Marit og dyra», og denne dagen blir her altså konsert i løa kl. 14.00. Dei som tek turen til Halalestranda denne dagen kan altså få med seg svært mykje.

Den siste konserten blir i Selje kyrkje same kvelden, 1. juli kl. 19.00. Konsertane vil koste 300 kr pr vaksen. Alle born går gratis, og vi vonar mange vil ta med borna sine og presentere dei for god kormusikk.

Pilegrimsvandring høyrer Seljumannamessa til, og i år blir det fleire tilbod. Fredag blir det ei vandring leia av Brit Lundby Hilde, og laurdag ei ny, Ved Kari leine Balog. De kan ta kontakt med leiarane, Brit Lundby Hilde: [brit.lundby.hilde@enivest.net](mailto:brit.lundby.hilde@enivest.net) tlf 911 09 933 eller Kari leine Balog: [Kari.Leine.Balog@selje.kommune.no](mailto:Kari.Leine.Balog@selje.kommune.no) tlf 95 05 62 53. Ei pilegrimsvandring frå Hareid på Sunnmøre og fram til Selja blir arrangert av NMS. Kontakt der er: Janne Bjune: [bjb@nms.no](mailto:bjb@nms.no) tlf. 40 40 60 62.


Søndag 2. juli går det båt frå Selje til Bø: Kl. 10.30, retur frå Bø kl. 14.30. Avgrensna høve til båttransport heilt ut til klosteret. Billettpris: kr. 200, familiær kr. 400 (barn under 15 år gratis.) Info-telefon: Roald Halsør tlf. 99 26 94 10.

Velkomne til ei god oppleveling i ein flott natur!





Slekt  
skal følgje  
slekters  
gang



## Or kyrkjebøkene

### Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

#### UTVIK

##### DØYPTE:

- 08.01. Martine Rosøy Tisthamar (døypet i Innvik).  
For.: Anders Valaker Tisthamar og Mariam Rosøy Wathne.  
29.01. Oline Hauge – Nesdal (døypet i Innvik).  
For.: Jan Erik Nesse Nesdal og Ellen Hilde Haugen.

#### INNVIK

##### DØDE:

- 0812.16 Signy Skåden, f. 1924.

#### OLDEN

##### DØYPTE:

- 06.11.16 Jakob Strand Beinnes.  
For.: Jan Michael Beinnes og Elisabeth Strand.  
06.11.16 Ida Hagelskjær Vangberg.  
For.: Geir Øyvind Vangberg og Cecilie Hagelskjær Vangberg.

##### DØDE:

- |                                  |         |
|----------------------------------|---------|
| 14.01.16 Kåre Narum              | f. 1946 |
| 31.12.16 Gunnar Nygjerd          | f. 1939 |
| 08.01.17 Rita Josefine Skarstein | f. 1935 |
| 15.01.17 Geirtrud Yri            | f. 1927 |

#### LOEN

##### DØYPTE:

- 04.21.16 Eline Stokova Grov.  
For Jana Stokova og Richard Grov.  
04.12.16 Mari Flo Loen.  
For. Terese Flo og Jan Rune Loen.  
19.02.17 Kristiane Alexandra.  
Drageset-Nøstvold.  
For. Oddny-Kristin Anette og Alexander Drageset-Nøstvold.  
19.03.17 Marte Julia Loen.  
For. Aireen Tangcay Loen og Oddgeir Loen.  
27.05.17 Silja Myklebust-Fimreite.  
For. Siri Myklebust og Tony Fimreite.

##### DØDE:

- |                                 |         |
|---------------------------------|---------|
| 09.02.17 Ragnvald Loen Greidung | f. 1936 |
| 23.03.17 Laila Agathe Opheim    | f. 1938 |
| 22.03.17 Inger Eline Grov       | f. 1939 |
| 02.04.17 Kjellaug Holter        | f. 1922 |

#### RANDABYGDA

##### DØYPTE:

- 19.03.17 Liva Nesbakk Rand.  
For. Vibeke Rand og Stig Ove Nesbakk

#### HORNINDAL

##### DØYPTE:

- 12.03. Vetle Støverstein.  
For. Ellinor Fivelstad og Daniel Støverstein.  
Døyp i Sunnylven kyrkje.  
16.04. Eiril Gausemel.  
For. Janne-Elin og Vidar Endre Gausemel.  
16.04. Oskar Arne Svor.  
For. Berit Wiedner og Rasmus André Svor.  
30.04. Mathilde Lunde Haugen.  
For. Kristina Sandbakk Lunde og Ronny André Haugen.  
30.04. Madelen Bortne Espe.  
For. Hanne Therese Bortne og Håvard Hjelle Espe.  
30.04. Kaspian Kjelsnes Grodås.  
For. Ailin Nygjerde Kjelsnes og Kjetil Grodås.  
30.04. Matias Bøe Muldsvor.  
For. Anita Bøe og Arne Muldsvor.

##### DØDE:

- |                                |         |
|--------------------------------|---------|
| 09.02. Ola Magne Strand        | f. 1940 |
| 24.03. Liv Støverstein         | f. 1928 |
| 05.04. Kjærlaug Nybø           | f. 1926 |
| 09.04. Rasmus Jørgen Tomasdard | f. 1936 |
| 15.04. Arne Espe               | f. 1934 |

#### NEDSTRYN

##### DØYPTE:

- 26.02. Emine Saure-Magnussen.  
For. Trude Iren Saure og Peder Magnussen.  
26.02. Johannes Gløppstad Hatledal.  
For. Nina Tisthamar og Kåre Gløppstad.  
12.03. Dennis Vik.  
For. Marita Guddal og Ole Morten Vik.  
09.04. Anna Jevnehagen Otterdal.  
For. Jorunn Marit Jevnehagen og Paul Otterdal.

- 16.04. Samuel Blaalid Karadas.

For. Henriette Blaalid og Jan Azar Skipenes Karadas (døypet i Eid kyrkje).

- 14.05. Emil Sæten Lind-Jenssen.

For. Kristine Sæten og Kjell-Richard Lind-Jenssen.  
**Charlie Alexander Treasure.**  
For. Tonje Bjerkan og Antony Thomas Treasure.

##### DØDE:

- |                              |         |
|------------------------------|---------|
| 11.02. Steinar Hoffart       | f. 1924 |
| 13.02. Åsta Gjørven          | f. 1932 |
| 04.03. Erling Fritjof Aabrek | f. 1925 |
| 14.03. Henning Frode Disp    | f. 1973 |
| 20.03. Margit Juklestad      | f. 1927 |
| 20.03. Kristi Hoffart        | f. 1929 |
| 04.04. Pernille Lunde        | f. 1921 |
| 16.04. Liv Eikenæs           | f. 1924 |

#### OPPSTRYN

##### DØYPTE:

- 18.12.16 Signe Amalie Norlie Lindvik.  
For. Alice Margrethe Norlie og Jarle Willy Lindvi.k  
02.04.17 Othelia Sungot Greidung.  
For. Benedicte Sungot Greidung og John Eirik Greidun.  
02.04.17 Torgeir Reiel Hjelle Goffeng.  
For. Maren Hjelle Guddal og Reidar Goffeng.  
16.04.17 Elianna Erdal-Vike. For. Anne Merete Erdal og Roy Vike.


##### DØDE:

- |                                 |         |
|---------------------------------|---------|
| 01.03. Olga Elise Nesje         | f. 1928 |
| 08.03. Arne Flo                 | f. 1929 |
| 04.04. Anny Jenny Berge Alsaker | f. 1927 |
| 07.04. Marit Oddlaug Grønfur    | f. 1924 |

##### VIGDE:

- 29.04. Dorthea Greidung og Lee Martin Jones





# SØNDÅG ER KYRKJEDÅG

## Gudstenester i Indre Nordfjord

*Vi gjer merksam på at det kan verte endringar.*

*Nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avis «Fjordingen».*

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja!

### 25. juni; 3. s i treeiningstida – Luk 14, 15-24

Loen, 11.00	Gudsteneste. Ved Harald Rund.
Nordsida, 11.00	Gudsteneste. Ved Hege Høibye.
Sundhaugen,	
Olden, 14.00	Friluftsgudsteneste. Ved Harald Runde

### 02. juli; 4. s i treeiningstida – Markus 10, 17-27

Selja, Selje, 12.00	Seljumannamesse. Talar er Tor Berger Jørgensen, biskop emeritus frå Sør Hålogaland. Bergen Domkor er med oss, domkantor Kjetil Almenning, opphavleg frå Gloppe, dirigerer.
---------------------	--

### 09. juli; 5. s i treeiningstida – Matt 7, 15-20

Oppstryn, 11.00	Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Hornindal, 11.00	Gudsteneste. Ved Harald Runde.
Nedstryn, 11.00	Kveldsgudsteneste. Ved Henny Koppen.

### 16. juli; Aposteldagen – Luk 5, 1-11

Loen, 11.00	Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Nordsida, 11.00	Gudsteneste. Ved Hege Høibye.
Innvik, 16.00	Gudsteneste. Ved Harald Runde.

### 23. juli; 7. s i treeiningstida – Luk 15, 1-10

Randabygd, 11.00	Gudsteneste. Ved Hege Høibye.
Nedstryn, 11.00	Gudsteneste.

### 29. juli; Olavsdagen / Olsok – Joh 12, 24-26

Olden gamle kyrkje, 19.00	Gudsteneste.
Oppstryn, 20.00	Gudsteneste. Ved Hege Høibye.

### 30. juli; 8. s i treeiningstida – Matt 6, 19-24

Myklebuststøylen, Utvik, 15.00	Støyldsmesse. Ved Hege Høibye.
--------------------------------	--------------------------------

### 6. august; 9. s i treeiningstida – Matt 11, 28-30

Nedstryn, 11.00	Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Svormuseet,	
Hornindal, 12.30	Kulturgudsteneste. Ved Hege Høibye.

Utvikfjellet, 15.00	Gudsteneste. Ved Tore Myklebust.
---------------------	----------------------------------

### 13. august; 10. s i treeiningstida – Luk 5, 27-32

Innvik, 11.00	Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Nordsida, 11.00	Gudsteneste. Ved Hege Høibye.
Flofjellet, 12.00	Friluftsgudsteneste.

### 20. august; 11. s i treeiningstida – Matt 23, 37-39

Loen, 11.00	Gudsteneste.
Olden, 11.00	1. klassesgudsteneste. Ved Harald Runde.
Nedstryn, 19.00	Kveldsgudsteneste.

### 27. august; 12. s i treeiningstida – Luk 15, 11-32

Oppstryn, 11.00	Gudsteneste med tema Nåde.n
Utvik, 11.00	Gudsteneste. Ved Harald Runde.
	Konfirmantjubileum.
Hornindal, 11.00	Gudsteneste. Ved Hege Høibye.

### 03. september; 13. s i treeiningstida – Matt 25, 37-39

Nedstryn, 11.00	Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Nordsida, 11.00	Gudsteneste. Ved Hege Høibye.
	Presentasjon av dei nye konfirmantane.

Prestestøylen, Innvik, 15.00	Friluftsgudsteneste. Ved Harald Runde.
------------------------------	--

### 10. september; Vingardssøndag – Matt 20, 14-30

Loen, 11.00	Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Olden, 11.00	Gudsteneste. Ved Harald Runde.
	Presentasjon av dei nye konfirmantane og konfirmantjubileum

Hornindal, 11.00	Gudsteneste. Ved Hege Høibye.
------------------	-------------------------------

### 17. september; 15. s i treeiningstida – Matt 7, 24-28

Nedstryn, 11.00	Gudsteneste med tema Skaparverket.
-----------------	------------------------------------

Ved Henny Koppen

### 24. september; 16. s i treeiningstida – Mark 7, 31-37

Oppstryn, 11.00	Gudsteneste. Ved Henny Koppen
Utvik, 11.00	Gudsteneste. Ved Harald Runde.
	Presentasjon av dei nye konfirmantane

Randabygd, 11.00	Gudsteneste. Ved Hege Høibye.
------------------	-------------------------------

Presentasjon av dei nye konfirmantane

### 01. oktober; 17. s i treeiningstida – Joh 11, 17-29 eller 30-46

Nedstryn, 11.00	Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Innvik, 11.00	Gudsteneste. Ved Harald Runde.
	Presentasjon av de nye konfirmantane.

Hornindal, 11.00	Haustkakfest. Ved Hege Høibye.
------------------	--------------------------------

Ved Henny Koppen

### 08. oktober; 18. s i treeiningstida – Matt 8, 14-17

Loen, 11.00	Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Ljosheim,	

Oldedalen, 11.00	Haustkakfest. Ved Harald Runde.
------------------	---------------------------------

Nordsida, 11.00	Haustkakfest. Ved Hege Høibye.
-----------------	--------------------------------

### 15. oktober; 19. s i treeiningstida – Luk 20, 45-21, 4

Nedstryn, 11.00	Gudsteneste med tema Frelsa.
-----------------	------------------------------

Ved Henny Koppen

Utvik, 11.00	Gudsteneste. Ved Harald Runde.
--------------	--------------------------------

Randabygd, 11.00	Haustkakfest. Ved Hege Høibye.
------------------	--------------------------------

Olden, 16.00	Gudsteneste. Ved Harald Runde.
--------------	--------------------------------

### 22. oktober; 20. s i treeiningstida – Joh 11, 1-5

Oppstryn, 11.00	Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
-----------------	--------------------------------

Innvik, 11.00	Haustkakfest. Ved Harald Runde.
---------------	---------------------------------

Hornindal, 11.00	Gudsteneste. Ved Hege Høibye.
------------------	-------------------------------

### 29. oktober; Botsog bønnedag – Luk 13, 22-30

Nedstryn, 11.00	Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
-----------------	--------------------------------





B

Fulldistribusjon

## Birger Skåre ny kyrkjetenar i Oppstryn



Den 11. juni var Birger Skåre på plass som ny kyrkjetenar, ved gudstenesta i Oppstryn kyrkje. I over eit halvt år har kyrkjelyden vore utan fast kyrkjetenar, så det er ei stor glede at vi no har fått Birger på plass. Svein Rønne har gjort ein god jobb som vikar i denne tida, og det er vi takksame for, men det er ekstra hyggeleg å ynskje ein mann som bur i bygda velkommen til teneste i kyrkjelyden.

Søndag 11. juni var også var «gamle» kyrkjetenar, Kjell Fagerstrand, på plass, no som rettleiar for den nye. Det er godt å ha kjentfolk til stades som kan vise til rettes og svare på alle spørsmål.

Birger Skåre er tilsett i ei full stilling som kyrkjegardsarbeidar i kombinasjon med kyrkjetenarjobben. Han går inn i eit team med fleire som er i same type stilling, og desse avløyser kvarandre etter behov. Vi ser fram til eit godt samarbeid, og ynskjer Birger lykke til i ein viktig jobb i kyrkja.

Oppstryn sokneråd

## Gjenbruk av gravstøtter

Med jamne mellomrom blir graver sletta, og steinane fjerna frå gravstaden. Desse steinane blir lagra ei tid på ein eigna stad ved kyrkja, under påvente av at eventuelle pårørande vil ta dei med seg. Viss ikkje blir dei før eller seinare fjerna for godt. Slike gravsteinar kan svært gjerne brukast om att. Ein kan gravere nye namn på den andre sida, eller ein kan slipe ned namna som står der og bruke om att same sida. Begge deler blir gjort. Om nokon ynskjer å bruke ein slik brukt gravstein, kan dei ta kontakt med kyrkjegardsarbeidarane, eller kyrkjeverja.

### GUDSTENESTE / FJELLSTEMNE

på Utvikfjellet (i kafeen ved skitrekket)  
søndag 6. august kl.15.00

Kl. 15.00 Fjellgudsteneste.

I pausen vert det servering av kaffi, kaker m.m.

Vidare program er enno ikkje fastlagt, men vert annonser i Fjordingen/Firda Tidend.

Dette er eit samarbeid mellom Utvik og Breim Sokneråd.

I år er Breim arrangør.

### KAFFIKROKEN



© Hans Johan Sogrusten

Neste nummer får du i Posten rundt 15. september. Redaktør vert Olav R. Faleide.  
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: [post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no) innan 19. august.